



Dette bildet var teke då Anja Gisholt framleis såg optimistisk på dyrebutikk-drifta i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen hadde ei stutt periode både dyreklinikk og dyrebutikk. No er det slutt for begge. Haugland Dyresenter i det tidlegare samyrkelagsbygget har også stengt dørene og hadde opphøyrssal sist helg.

Dermed fekk butikken, som var Anja Gisholts barndomsdraum, ei levetid på to og eit halvt år. Anja, som opprinneleg er frå Skien, har vore innom fleire bransjar. Men først då ho vart sambuar med Rikard Haugland frå Uskedalen og flytta til bygda i 2003, kunne draumen om å starta dyrebutikk bli til verkelegheit. Ho trudde på satsinga i Uskedalen framfor til dømes Husnes fordi leigesummen der ville ha vorte åtte gonger så høg.

Det har vore fleire freistnader på å starta dyrebutikk i Kvinnherad, men det har vist seg vanskeleg å få endene til å møtast.

Anja venta aldri å bli rik på å driva ein dyrebutikk i Uskedalen, men fram til sist sommar klara ho målsetjinga; Å få det til å gå rundt. Men den fine sommaren verka svært negativt inn på trafikken sjøl om ho selde ein del kaninar, som tradisjonelt er ein god sommarartikkel.

Ein annan grunn til sviktande sal var forvekslingar med den tidlegare dyrebutikken og dyreklinikken.

Av Ola Matti Mathisen